Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12. Gamal engkultur  Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr. 1  Herad: Breim

Emne:  Bygdelag:

Oppskr. av: lærar og bonde Ola Råd  Gard: Råd

(adresse): Breim  G.nr. 37  Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ålmenne merknader.

Det var i fyrste rekkji utskiftningane som skapa det store umskiftet av engkultur og driftsmåtar. Her i Breim vart mest alle gardar utskifte i tida 1890 til 1910. Dette gjeld innmarka.

På garden Råd var utskiftninga på innmarka avslutta i 1903. Eg skal her gje ei kort utgreiing om korleis tilhøva var på vår gard före utskiftninga. Og slik som driftsmåtane var på vår gard slik var det på alle gardar i bygda.

På garden var 4 bruk og kvart bruk hadde i samla vidd på 100 til 130 dekar innmark, men fordelt på 25 til 30 teigar på kvart bruk. Sume slykke var reint små, serleg korn- og potetåkrane. Potåkrane kalla ein for gjer - potetgjer - likeins nepegjer - ofte berre 2-3-5 ar.

1. Enga var kalla bö (ein bö-

2120

bönen - böa(r) - böane, og ein skilde mellom 1) tadebö og 2) skjerpe. Tadebönen vart gjödsla kvar vår. Skjerpa var skrapslått som aldri var gjödsla anna enn det som kröttera la etter seg når dei beitte der tidleg om våren og seint um hausten.

Häyet frå tadebönen kalla vi tadehäy og höy frå skrapböen eller skjerpeböen for skjerpe eller og skjerpehäy. Tadehäyet vart bruka til kyr og hestar, og skjerpehäyet til saü og geit.

Noko av det finaste og beste häyet la ein i eit lite stål for seg sjölv, det skulle brukast til hestane i vårvinna. Dette häyet var kalla plogningslo

Vinninga ekre er brukt her, og tyder ei lita attlegde. Det var gjerne på ekrene ein fann häy til plogningslo.

Bort etter all böar stod trehesjar omlag så store at der vart ei häybör i kvar hes. Desse hesjane måtte völast om våren. Det var siste arbeidet som häyrde til vårvinna. Stauren var av eine, troene av or eller furu, og dei vart oppbundne med björkeband. Hesjane var vanleg på 5 trohögder.

Når slåtten tok til for ein fyrst over og slo graset næmaste hesjane

2120

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

passeleg mykji til å fylla hesjane. Slik fór ein frå teig til teig til ein hadde fått fulle alle hesjane på tadeböen. Ein var så ferdige med fyrste fylljja. Var graset lite vakse sa ein det var klekt og ein slo seg til skade om ein slo for tidleg. Oftast arbeidde grannane side om side på kvar sine teigar, og stundom var det kapping om kven som fyrst fekk fyllte hesjane. I vanleg gode år rekna ein med 4 fylljer (fulle hesjane 4 gonger). Sidan tok ein til med å slå skjerpa, då slo ein helst heile teigane med ein gong. Det var mest vanleg å brûka stuttorv.

Utslåttene var kalla: strandasletter, markasletter eller fjellsletter etter der utslåttene var anten i stranda, marka eller i fjellet. (Truleg kjem det serskild spyrjelister om utsletter)

2 Rydjing

Småskog og runnar hogg ein med og lauva. Lauvinga var ~~om~~ på ettersumaren. Nedfaldslaû og småkvist vart raka saman om varen når det vart turt. Småkvister vart brende, lauet vart brukt til „ondebreidsle" i grise- og kalvedungar. D.v.s. det vart brukt til sorp, og dungane kalla ein sorpedungar eller laûdungar.

Steinar vart sjeldan rydde bort frå slåtteteigane för ein tok til med nydyrking kring 1895-1900.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3. Mosevaksen eng.

Mosen vart raka laus med vanleg rive og bruka til sorp (strö). Beita ein hardt haust og vår måtte mosen halda seg borte. Elles hjelpte å gjösla godt. Oska strödde ein og på mosefulle böar.

För omlag 1900 var det ikkje vanleg at ein bruka grasfrö når åkrar eller gamle potetegjer skulle attleggjast. Ein sådde dei gjerne med haustrug siste året, og så fekk ekra gro til så best den kunne

4. Vatning - veiting.

Det var gjort svert lite med gröfting i myrlendt og vass-sjuk eng. Åkrane derimot var godt utgröfta og der gjekk holveitar gjennom dei åkrar som trengde gröfting. For skolvala (flaumvatnet) var laga lange opne gröfter framom tun og åkrar. (Når det var stor flaum, kalla ein det åvatne)

Vatning var ikkje brukt i Breim. Det var jamnast nedbör nok.

5 Gjödsling.

All sådebönen vart gjödsla kvart år, helst om våren med vintergjödsel. Ein hadde til vanleg rikeleg med gjödsel (eller mök som vi helst seier) både til åker og bö. Alle husdyra så nær som kyrne stod lause på jordbed (jordgolv) og det vart ikkje moka bort noko heile vinteren. Skulle det vert nokolunde turt under dyra

2120
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

måtte ein kvar dag breide under dei sorp (mose, avfaldslaū, myrslö o.a). På den måten fekk ein både mykje og god gjödsel. Dertil kom at ein henta mykje av foret, höy og lauv frå utslåtter og utmarka. På den måten kunne ein ~~f~~ vinterfore store besetningar og såleis og få mykje mök.

Fyrst om våren vart fekk åkren den gjödsla han trengde, og resten vart brūka på tadebönen. Saūmök, geitamök og hestemök vart alltid brūka på bönen.

Om sūmaren når dyra beitte i ūtmarka, vart kyr og geiter innelene i sūmarfjös, gardfjös kalla vi dei. Der og var jordbed og der vart underbreidt med mose og laūv. Denne gjödsla (gardmökja) vart om våren breidd ūt over gardbönen, så det var alltid nako tadebö opp med gardfjösen.

6. Den gjödsla enga var kalla tadebö, og höyet tadegras (medan det var rått) og tadehöy (når det var tūrt)

7. Eg trūr ikkje ein har tenkt noko på at engstykka skulle få godt av tunsiget når gardar og tūn var bygde. Det var så mange andre omsyn å ta.

Jaū ein prövde å spreia siget frå mokedongjen best mogeleg utover.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det var verdfullt å ha noko av bön slik at den var seglendt (fekk godt av tunseget). Slik bö sa ein var sjöltadd
8. Enga vart alltid gjödsla om våren. Noko av möka vart köyrd ut om vinteren på snöfore, helst til åker og bö som låg lengst borte frå tunet, og lagd i större dungar. Om våren så snart telen var gådd tok ein til med mökabröying på bönen. Karane köyrde og breidde möka utover med greip, ja var möka fin og lett t.d.s saumök (møle) bruka ein og eit lite trog som var serskild laga til det bruk. Kvinnene for så etter med rive og jamna og gnika sund. Var möka blaut let ein den liggja ein dag eller to så smuldra den betre. Og det var omågjera å få den fin-smuldra. Ein 8 eller 14 dagar etterpå for ein over alt og raka saman rusk og halmpiper og mökakokar som ikkje hadde gått sund. Det ein raka saman på denne måten kalla ein mökaleive. Mökaleivene vart anten köyrde på potetgjera og nedplögde i molda. Eller dei vart köyrde inn att i fjöset og bruka til undebreidsle. Mökaharvene kom i bruk her i bygda kring 1900-1905.
Tidlegare var brukt tregreipar til å breida mök med. Eg minnest eg såg ei slik heime i garden då eg var smågut, men foreldra mine hadde

2120

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 7.

ikkje bruka den medan dei styrde garden. Så eg trur ikkje den var i bruk etter 1870.

9. Ein beitte heimeböane haust og vår fordi ein skulle spara på fôret. Elles fordi det var skikk og bruk.

10. Etter det hadde vore utskiftning på gardane og gjerde mellom kvart bruk minka det med beitinga på heimeböane litt etter kvart. No tok ein og til med kunsteng, og vekselbruk og kunstgjödsel (cå 1910-15) og det vart heilt slutt med å beita kyrne.

11. Nei, ein gjorde ikkje noko med möka dyra la etter seg ute på beite. Noko reidskap til å breida med er ikkje kjend

12. Sjå sp. 5. siste avsnitt.

13 Er ikkje kjendt her.

14. På sume gardar i bygda; helst der tuna låg nær inn til utmarka bruka dei ikkje sumarfjös, men jaga kyrne heim i heimefjöset om kveldane. Der ~~hadde~~ kalla dei vegen kröterа gjekk (frå utmarka til heimetunet) for ei <u>feine</u>. Der var gjerde på båe sider åt vegen. På ein gard i Breim bruka dei det slik enno.

15. Ukjendt. 16 Ukjendt

20. På dei aller fleste stöylane i bygda har ein <u>stöylskvier</u> framleies. Men stöylsbruk minkar for kvart år,

2120

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

gjenna lite arbeidshjelp på gardane,
og sluttar ein å bruka støylane
vert det og slutt med slåttekvier
på støylane.

2) Oski har alltid vore halde for
god gjødsel. Men tang eller fiskav-
fall har ikkje vore brukt her.

2120

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING